



Kommunane i Sogn og Fjordane

Revidert nasjonalbudsjett 2018 og kommuneøkonomiproposisjonen 2019

Med bakgrunn i revidert nasjonalbudsjett (RNB) 2018 og kommuneproposisjonen 2019, gir vi eit samandrag over dei viktigaste økonomiske momenta i kommuneopplegget for 2018 og 2019.

Revidert nasjonalbudsjett (RNB) 2018

Samanlikna med nasjonalbudsjettet for 2018 er det framlegg om følgjande endringar i RNB:

- Anslag på lønnsvekst i 2018 vert redusert frå 3 prosent til 2,8 prosent etter forventa lønnsoppgjjer. Men auka prisvekst på varer og tenester (energiprisar) betyr uendra løns- og prisvekst (deflator) på 2,6 %.
- Som følgje av forventa lågare lønnsvekst er skatteanslaget (formue- og inntektsskatt) for kommunane justert ned med 350 mill. kroner samanlikna med nasjonalbudsjettet. Den prosentvise veksten i skatteinntektene frå rekneskap 2017 til RNB 2018 er anslått til 1,0 prosent.
- Oppjustering av anslaget for kommunanes meirutgifter til gratis kjernetid i barnehagane med 14,2 mill. kroner, som følgje av at inntektsgrensa for gratis kjernetid vart auka ved Stortinget si handsaming av saldert nasjonalbudsjett for 2018. Kommunane blir kompensert tilsvarande gjennom rammetilskotet og auken kjem i tillegg til 24,8 mill. kroner som vart lagt inn ved nemnde saldering.
- Havbruksfondet: Av inntektene frå sal av ny produksjonskapasitet i lakseoppdrett skal 80 prosent tildelast kommunar og fylkeskommunar. Kommunane får 87,5 prosent av desse inntektene. Fyrste kapasitetstildeling etter det nye systemet er under gjennomføring, og før sommaren blir det teke sikte på å tildele ytterlegare ny kapasitet. I tillegg til midlane til havbruksfondet er det tilrådd at løyving blir auka med 75 mill. kroner knytt til kommunanes del av vederlag for tildeling av oppdrettstillatelsar utlyst i 2013. Samla er det anslått at kommunar og fylkeskommunar i 2018 vil få eit tilskot på 2,4 mrd. kroner frå havbruksfondet over Nærings- og fiskeridepartementets budsjett i 2018. Endeleg fordeling til kommunar blir klart i oktober 2018. I 2017 vart det i ordninga totalt fordelt 60 mill. kroner, og for Sogn og Fjordane vart 3,7 mill. kroner fordelt til kommunane Gulen, Solund, Hyllestad, Høyanger, Askvoll, Fjaler, Flora, Bremanger, Vågsøy, Selje og Gloppen.
- Investeringsstilskot til heildøgns omsorgsbustader: Som følgje av mange søknader om tilskot er løyvinga tilrådd auka med 59 mill. kroner, tilsvarande om lag 700 heildøgn omsorgsplassar. Med grunnlag i tilbakemeldingar frå Husbanken blir det tilrådd ein auke i tilsegsramma på 1,2 mrd., til 4,2 mrd. kroner.

Andre saker for 2018:

- Nasjonal norm for lærartettleik på skulenivå 1. – 10. klasse blir innført frå hausten 2018. Over Kunnskapsdepartementet er det etablert ei øyremerka tilskotsordning for finansiering av kommunanes meirutgifter, samla løyving for hausten 2018 er 700 mill. kroner. Det øyremerka tilskotet skal innlemmast i rammetilskotet frå 2020.
- Ny bemannings- og pedagognorm i barnehagar blir sett i verk frå 1. august 2018.

Kommuneproposisjonen 2019

- Frå revidert nasjonalbudsjett 2018 blir det lagt opp til ein realvekst i kommunesektoren sine frie inntekter på mellom 2,6 og 3,2 mrd. kroner, 0,7 – 0,9 prosent. Veksten er lågare enn i 2018, men regjeringa meiner det gjev kommunane moglegheiter til å oppretthalde tenestenivået.
 - Heile veksten går til kommunane
 - Av veksten går
 - 200 mill. kroner til opptrappingsplan rusområdet
 - 100 mill. kroner til habilitering og rehabilitering
 - Det er usikkerheit knytt til anslaga når det gjeld kommunane sine meirutgifter som følge av demografiske endringar. Ny berekning blir lagt fram i juni, og brukt i statsbudsjettet for 2019. For inneverande år er kostnadsveksten for kommunesektoren som følge av demografiske endringar anslått til 1,7 mrd. kroner, der 1,4 mrd. belastar frie inntekter.
 - Veksten i pensjonskostnader for kommunesektoren i 2019 er anslått til 650 mill. kroner utover det som blir dekt av den kommunale deflatoren, men det er per no usikkerheit om denne berekninga.
- Skjønnsramma er redusert med 250 mill., til 1 548 mill. kroner. Av dette ei basisramme til kommunane på 1 000 mill., som er ein reduksjon på 100 mill. kroner frå 2018. Reduksjonen er overført til innbyggjartilskotet i rammetilskotet. Frå og med 2019 blir det ti fylkesmannsembete. Basisramma blir fordelt på dei nye embeta. For 2017 og 2018 vart det gjennomført ei utjamning mellom embeta etter berekning av skjønn per innbyggjar, og det blir teke sikte på ei ytterlegare utjamning i 2019.

Andre saker i proposisjonen:

- Det blir lagt opp til at kommunal betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar frå 2019 også vil omfatte pasientgruppene i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av rusavhengigheit (TBE). Det vil bli overført midlar frå dei regionale helseføretaka til kommunanes rammetilskot i samband med omlegginga. Regjeringa vil kome tilbake med endeleg forslag i statsbudsjettet.
- Ytterlegare innlemming i rammetilskotet av dei øyremerka tilskota til bustadsosialt arbeid og bustadsosialt kompetansetilskot.
- Kommunar som vart vurderte som ufrivillig åleine etter kommunereforma får samanlikna med 2018 halvert kompensasjon i 2019, og den er varsla avvika i 2020.
- Kommunereforma blir vidareført med økonomiske verkemiddel. Eingongstilskot (inkl. tidlegare reformstøtte) etter standardisert modell for tal kommunar i samanslåinga og tal innbyggjarar i ny kommune. Minstesatsen for to kommunar med under 15 000 innbyggjarar som slår seg saman, blir sett til 25 mill. kroner. Departementet føreslår at beløpet deretter aukar med 10 mill. kroner per nye kommunar i samanslåinga utover dette. Inndelingstilskotet blir vidareført. Kommunane får støtte til informasjonstiltak, innbyggjarhøyringar/folkerøystingar med kr 100 000 til kvar kommune i samanslåinga. Departementet vil gje fylkesmennene ei rolle i arbeidet også framover. Det er ein del av

oppdraget til fylkesmennene å bidra til kommunesamanslåingar der det er hensiktsmessig. Nærmare omfang og innhald for fylkesmennenes arbeid med kommunereforma blir avklart etter handsaming av kommuneproposisjonen i Stortinget.

Meir informasjon finn du på departementet sine sider:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-88-s-20172018/id2601105/>

Endelegje tal for kommunane vil vere klare i statsbudsjettet 2019, som vert lagt fram 8. oktober 2018. Vi informerer også om at vi vil invitere til statsbudsjetttdag på Statens hus denne dagen.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.